



Tysnes kommune  
Rådhuset  
5685 UGGDAL

Dato: 09.05.2016  
Vår ref.: 2014/18785-34  
Saksbehandlar: hanvie  
Dykkar ref.: 16/184

## Trekking av motsegn, områdereguleringsplan Våge sentrum - Tysnes kommune

Vi viser til brev datert 21.04.2016 om høyring av forslag til områderegulering for Våge sentrum. Viser og til kontakt på telefon og e-post korrespondanse 14, 15 og 21. april. 2016 med Tysnes kommune vedrørende områdeplan.

Ved fyrste gongs høyring fremja Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune motsegn til høyring av områdeplan for Våge sentrum i Tysnes kommune grunna direkte konflikt med automatisk freda kulturminne på Vågsneset og manglende føresegner for å ivareta kulturminneinteresser.

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde vedtak i saka 02.12.2014 (saksnummer 167/14) og fremja motsegn. Utvalet gjorde slikt vedtak:

1. *To automatisk freda kulturminne med Askeladden-id 60632 (nausttuft) og Askeladden-id 170753 (bosettings-aktivitetsområde), omsynssone c – H730\_1, er ikke rett plassert i plankartet. Det er knytt motsegn til dette punktet.*
2. *Arealformål o\_SGS8, gang/sykkelveg, er i direkte konflikt med Askeladden-id 170753 (bosettingsaktivitetsområde). Det er knytt motsegn til dette punktet.*
3. *Arealformål o\_SV8, veg går inn i sikringssona til Askeladden-id 60632 (nausttuft). Planlagt arealformål skal omfatta dagens vegskulder, og vegskuldra går inn i sikringssona. Desse formuleringane må leggjast til i føresegna: Tiltak knytt til o\_SV8 skal skje på nordsida av vegen i området der denne kuttar inn i sikringssona til Askeladden-id 60632 (nausttuft) og grenser til omsynssone H570\_6 mot sør. Det er knytt motsegn til dette punktet.*
4. *Motsegna kan trekkast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf. punkt 1, 2 og 3 ovenfor.*

### Vurdering av nytt framlegg til offentlig høyring

Tysnes kommune har tatt motsegn til følgje. I framlegg til offentleg høyring av reguleringsplan for Våge sentrum datert 14.03.16 er plankartet endra slik at det nå er i tråd med punkt 1 og 2 i motsegnsvedtaket frå Hordaland fylkeskommune. Formuleringa knytt til motsegnspunkt 3 var derimot ikkje lagt til i føresegna. Fylkeskonservatoren informerte kommunen pr. telefon og e-post den 14., 15., og 21. april 2016 om at Hordaland fylkeskommune opprettheldt motsegn inntil formuleringane i motsegnspunkt 3 er tatt med i føresegne og ba om skifteleg tilbakemelding på dette. Kommunen har i e-post og brev av 22.04.16 gjeve

tilbakemelding på at kommunen vil legge gjeldane formulering inn føresegna for Våge områdeplan: *Tiltak knytt til o\_SV8 skal skje på nordsida av vegen i området der denne kuttar inn i sikringssona til Askeladden-id 60632.*

Motsegn på grunnlag av konflikt med automatisk freda kulturminne og manglende føresegner som vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 02.12.2014 fell difor bort.

### Kulturminne i området

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei arkeologisk registrering innafor planområdet i perioden 8.-15.07.2013. Utfyllande informasjon er gitt i brev med vedlegg dagsett 27.11.2013.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 29.09.-01.10.2014 marinarkeologiske undersøkingar i reguleringsområdet.

Det er registrert fem automatisk freda kulturminnelokaliteter innafor planområdet:

- Askeladden-id 25633, heller – H730\_4 / H570\_8
- Askeladden-id 66526, gravrøys – H730\_3 / H570\_7
- Askeladden-id 60632, nausttuft – H730\_1 / H570\_6
- Askeladden-id 170753, bosettings-aktivitetsområde – H730\_2 / H570\_6
- Askeladden-id 99953, bosettings-aktivitetsområde. Lokaliteten er arkeologisk undersøkt i samband med tidlegare tiltak

I tillegg ligg det fleire viktige eldre bygningar og naustmiljø innafor planområdet.

### Avgrensing av hensynssone H730 – bandlegging etter lov om kulturminne

Vi ser at avgrensing av hensynssone H730 ikkje sammenfaller heilt for Askeladden id 25633, heller-H730\_4 og Askeladden id 66526, gravrøys- H730\_3. Geometrien må hentas ut frå Askeladden og overførast til plankartet.

### Omregulering av naustføremål på Vågsneset til bustadføremål

Ein vesentleg endring i planforslaget er at områda som tidlegare låg som naustføremål langs Vågeneset legg opp til ein fortetting av bustader. Naustområda på Vågsneset vert i planforslaget erstatta med bustadføremål. Byggegrensa er sett i sjø, slik at det kan byggjast heilt ned i sjøkanten. Som tidlegare uttalt i sakta er Våge eit område med store verdiar og kvalitetar knytt til kulturhistorie og landskap. På Vågsneset står nokre av dei eldste bygningane på Våge. Det vert særleg viktig å sikre eksisterande eldre bygningsmasse og kulturlandskapet.

Vi er uroa over verknaden fortettinga av bustader har i dette sårbare området, men er glad for at planskildringa omtalar området til å ha ei unik karakter som vil takast vare på og utviklast vidare gjennom detaljer i planen.

Den eldre bygningsmassen, mellom anna på Vågsneset, gjer området identitet og historisk tidsdjupne. Omreguleringa frå naust til bustader vil verke ytterlegare privatiserande i høve til å gjere standsona allmen tilgjengeleg. Nær og fjernverknad vert påverka for opplevinga av området. Slik omreguleringa er foreslått vil den få negativ verknad på kulturminneinteressene på Vågsneset, vi ber difor om at naustområdet vert oppretthalden i planen.

### Andre kulturminnefaglege merknader til plankartet

H570\_7 / G5

Omsynssona H570\_7 er knytt til Askeladden-id 66526, gravrøys, H730\_3. Fylkeskonservatoren er positiv til at vegetasjonen i området skal tynnast ut/ hoggast. Fylkeskonservatoren må bli varsla i god tid før arbeidet byrjar, for å sikre at kulturminnet ikkje vert skada.

Ved fyrste gongs høyring hadde vi fleire kulturminnefaglege merknader vedrørande manglante føresegner knytt til ivaretaking av kulturminneinteresser. Vi kan ikkje sjå at desse er teke til følgje. Vi gjentek difor våre merknader knytt til plankartet :

### H570\_6 / o\_GT1 og o\_SGS5

Turveg o\_GT1 går gjennom omsynssone H570\_6 og går like utafor sikringssona til dei automatisk freda kulturminna her, Askeladden-id 60632, nausttuft, H730\_1 og Askeladden-id 170753, bosettingsaktivetsområde, H730\_2. Gang- og sykkelveg o\_SGS5 går langs sørleg kant av omsynssone H570\_6. Det er viktig at det i anleggsperioden ikkje blir køyrd over eller gjort inngrep i sikringssona til kulturminna. Fylkeskonservatoren skal setje opp sperreband rundt sikringssona før anleggsperioden startar for å sikre at kulturminna ikkje vert skada i anleggsfasen. Fylkeskonservatoren må difor bli varsle i god tid før arbeidet byrjar. Vi ber om at utforminga på turveg og gang- og sykkelstien og behovet for omsyn i anleggsperioden vert omtalt i føreseggnene.

### H570\_8 / BFS8

Omsynssona H570\_8 er knytt til kulturminnet med Askeladden-id 25633, hellar, H730\_4. BFS8 har same utstrekning og er regulert til arealformål Frittliggjande småhus. Vi ber om at BFS8 vert gjort om til Grønstruktur då planlagd arealformål og føresegn ikkje let seg kombinera med føremålet til omsynssona. Eit kvart tiltak innanfor omsynssona H570\_8 må vurderast ut frå omsynet til kulturminne i området. Tiltak skal sendast Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde for vurdering, jf. §§ 3 og 8 i kulturminnelova.

### H570\_7/ BSB1 og BFT

Askeladden-id 66526, gravrøys, H730\_3 ligg i omsynssona H570\_7. Det er positivt at avgrensing for BSB1 er trekt ut av omsynssone H570\_7 i plankartet. Vi ber om at BFT og vert trekt ut av omsynssona. I føresegner for desse to områda må det takast omsyn til nærleiken til omsynssone H570\_7, samt kyrkja i bakkant, knytt til sikt, skjemming o.l. Slik vi ser det vil byggetiltaka i nærleiken til kyrkja, BSB1 og BFT, føra til at den nye bygningsmassen kan verta skjemmande for Våge sentrum og kyrkjesteden Våge om dei ikkje får ei god utforming og dimensjonering. Våge kyrkje har ei heilt sentral plassering i dette park- og landskapsrommet og bør få stå som eit viktig signalbygg på kyrkjegarden og i tettstaden. Det viktig å halde på heilskapen og siktlinjer og sikre viktige kulturminne.

### o\_ST1

Området o\_ST1 er regulert til arealformål torg. Hordaland fylkeskommune har i fråsegn til oppstartsmelding stilt seg kritisk til utfylling i Svevågen av slikt omfang at det stenger att draget på sørsida. Området ligg inntil omsynssone H570\_6. Dei registrerte kulturminna på Vågsneset har ei tilknyting til sjø og sjøvegen. I draget på Vågsneset er dei allereie inneklemt i nord av eksisterande tilkomstveg, og det er viktig at ei utfylling sør for draget ikkje har ein utilbørleg skjemmande verknad i høve dei kulturminna som er kjent i området. Ved opparbeiding av området o\_ST1 må ein unngå å skade viktige landskapstrekk som overgangen mellom sjø og land. Utfyllinga bør avgrensast på ein slik måte at den tek vare på kvalitetane for kulturminna og kulturlandskapet. Vi rår til at utfyllinga i større grad følgjer dagens landskap og trappast ned mot vatnet for å gi en god tilpassing til eksisterande landskap. Føresegna knytt til området må sikra fri sikt og kontakt mot sjø for kulturminna i omsynssone H570\_6.

### H570\_7 / SGS2

SGS2 går inn i omsynssone H570\_7. Føresegna knytt til området må sikra at kulturminnet knytt til omsynssone H730\_3 ikkje vert utilbørleg skjemma jf. § 3 i kulturminnelova. Det er viktig at det i anleggsperioden ikkje vert kjørt over eller gjort inngrep i sikringssonen til kulturminnet. Fylkeskonservatoren må bli varsle i god tid før tiltaket byrjar, slik at vi kan sikre kulturminnet. Vi ber om at utforminga på gang- og sykkelstien og behovet for omsyn i anleggsperioden vert omtala i føreseggnene.

### BKB12

Vi ber om at BKB 12 som er regulert til omsynssone H570 vert utvida til å omfatte heile det samla gardstunet. Den gamle løa er ein del av det heilskaplege tunet.

### BKB7

For BKB7 vil vi be om at eksisterande byggegrense ikkje vert utvida då dette kan medføra direkte konflikt med eksisterande bygg på nabotomta som er regulert til vern.

## BAA2

Når det gjeld BAA2 meiner vi at tiltaket ved Mandelhuset er viktig å halda fritt for ny bygningsmasse. Vi meiner tiltaket kan få negativ verknad på samanhengen i standsona i Våge. Dette gjeld særleg den eldre naustbusetjinga, som er så karakteristisk for Våge, og som direkte vert råka av dette nye tiltaket. Slik vi ser det, er dette eit samanhengande bygningsmiljø, som er best tent med å verta teke vare slik det ligg i dag. Vi har forståing for at det er ynskje om å fortette i Våge sentrum, men planforslaget må omarbeidast slik at kulturmiljøet vert betre teke vare på.

### Kulturminnefaglege merknader til føresegner

Retningsliner og føresegner for omsynssone for *bevaring kulturmiljø H570* og omsynssone *bandlegging kulturminne H730* er ikkje tilstrekkeleg integrert i dei generelle føresegngene. Det må bli knytt føresegner til omsynssone H730 og retningsliner til omsynssone H570, som sikrar at verneføremåla blir ivaretakne.

Føresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminne, som må inn i planen, er følgjande:

*«Omsynssone H730. I omsynssona er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelsje inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»*

Vi ber om at det vert knytt følgjande retningsliner til omsynssone – Bevaring kulturmiljø H570\_01-H570\_10:

*H570\_01-H570\_10 er sone med særlig bevaring av kulturmiljø, omsynssone c. Kulturmiljø og landskapsbilete knytt til denne skal takast vare på. Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i området. Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne (som til dømes sjøbruk) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og verta sett i stand, PBL § 11-9 nr 7.*

### Tilrettelegging og formidling

Tre av kulturminna innafor planen ligg høveleg til for tilrettelegging og formidling til publikum, til dømes ved skilting. Dette gjeld dei to lokalitetane på Vågsneset (Askeladden-id 60632 og 170753), samt gravrøysa (Askeladden-id 66526) på Kuholmen. Gravrøysa ved Kuholmen ligg inne på Hordaland fylkeskommune si liste over prioriterte kulturminne for tilrettelegging og skjøtsel gjennom Riksantikvaren sitt BARK-program (Bevaring av arkeologiske kulturminner). Det kan vere tenleg å inkludere i planen sine føresegner at det skal utarbeidast skjøtselsplan for kulturminna.

### Oppsummering

Ved fyrste gongs høyring fremja Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune motsegn til høyring av områdeplan for Våge sentrum i Tysnes kommune grunna direkte konflikt med automatisk freda kulturminne på Vågsneset og manglande føresegner for å ivareta kulturminneinteresser. Tysnes kommune har no tatt motsegn til følgje slik at planen nå er i tråd med punkt 1, 2 og 3 i motsegsvedtaket.

Tidlegare motsegn på grunnlag av konflikt med automatisk freda kulturminne og manglande føresegner som vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 02.12.2014 fell difor bort. Fylkeskonservator legg til grunn at våre merknader vert arbeidd inn i planen ved endeleg handsaming og godkjenning.

Bård Sandal  
Direktør regional utvikling

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

David J. Aasen Sandved, kst. fylkeskonservator, Kultur og idrettsavdelinga

Silje Øvrebø Foyn, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Gunnbjørg Austrheim, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Sigrid Næsheim Bjercke, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland